



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for mars 2011.

Årgang 46

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vigdis Riise  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Odd Arne Holstad  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Anders Riise  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Sverre Bjåstad

## Fødselsdagar i mars:

Jarle Klungsøyr 26. mars

Frammøteprosent i mars: 61,4 %

---

---

## LERKA

*Og vesle lerka, ho hev det so  
at finn ho ein tuvetopp fri for snjo,  
so kved ho i med sin finaste song,  
so trur ho på vår med ein einaste gong.  
"Å hei! Å hi! Å tirili, tirili-ti!"*

*Og vesle lerka ho hev det slik  
at finn ho ein solstråle, so vert ho rik.  
Då stig ho i høgdi og trallar i lit  
til sumar på jord, endå snjoen ligg kvit.  
"Å hei! Å hi! Å tirili, tirili-ti!"*

*Og lyngtuva, det er lerka sitt fat.  
Der set ho seg ned, og so fær ho seg mat.  
Og når ho er mett, ho takkar so glad  
vår herre for maten, med kvitter og kvad.  
"Å hei! Å hi! Å tirili, tirili-ti!"*

*Gud signe deg, du er fuglen min du!  
Gud signe no deg med di glade tru!  
Og mæla eg kulde og snjo på min veg,  
Gud gjev meg i soltru å kveda med deg:  
"Å hei! Å hi! Å tirili, tirili-ti!"*

---

### Møte 07.03.11.

Presidenten ønske velkommen til første møte i mars, og til innleiing song vi ”Millom bakkar og berg”

Ho ønske deretter Arve Røyset velkomen tilbake til klubben etter eit års permisjon.

Dagens foredragshaldar, Julie Sundgot Andersen frå Brandal, fekk så ordet, ho skulle fortelje frå RYLA som ho deltok på 14. – 16. oktober 2010.

Ho fortalde først kort om seg sjølv og at ho dei tre siste åra har jobba som marknadsanalytikar i Rolls Royce Marine. Den viktigaste delen av jobben der er å analysere marknadsutviklinga og trendane i marknaden, følgje med på kva konkurrentane gjer, statistikkarbeid og formidling av informasjon.

RYLA-seminaret som Rotary gjennomførte 14. til 16. oktober 2010 på Ulstein Hotell, samla tils. 22 deltakarar med ulik yrkesbakgrunn. Dei fleste deltakarane var frå vårt næringsområde, men der var også nokre frå andre deler av landet. Oppstart var torsdag kveld for å bli kjent, og avslutning på laurdag.

Rolf Klokk var ansvarleg leiar for seminaret. Viktige tema dei jobba med var:

- kva er Ryla, Rotary, Rotaract
- kva er leiarskap
- ulike leiarteoriar (situasjonsbestemt leiing og verdibasert leiing)
- kommunikasjon, motivasjon og positiv psykologi.

Inger Møller Christensen frå Medi 3 i Ålesund heldt foredrag m.a. om psykologiske faktorar og viktigheita av positivitet.

Kjersti Kleven heldt foredrag om korleis det er å leie ei stor familiebedrift, både utfordringar og mulegheiter.

Ole Kristian Drabløs foredrog om endrings- og prosjektleiing.

Julie oppsummerte med at det hadde vore eit interessant og nyttig seminar, nokre av utfordringane vidare var korleis overføre teori til praksis i kvardagen og korleis ta vare på nettverket.

Presidenten takka Julie for ein god og interessant presentasjon og utfordra henne til å vere aktiv for å få lokale deltakarar til seinare Ryla-seminar, noko ho var positiv til.

### Møte 14.03.11.

Denne måndagen var det bedriftsbesøk på Spenncon i Hjørungavåg.

Vi vart ynskte velkomne av Åge Bigset som orienterte om bedrifta og stod for omvisninga etterpå saman med Rune Holstad. Men først fekk vi servert kaffi og kaker i kantina.

Starten av bedrifta i Hjørungavåg går tilbake til 1962 då Odd Hjørungdal i lag med fleire andre etablerte Hjørungavåg Sementvarefabrikk. I april 1969 vart Vestlandske Spennbetong etablert i Hjørungavåg. Dette selskapet var starta opp i 1961 på Hønefoss, og i perioden frå 1969 til 1983 vart det stadige utvidingar og også fleire selskap som kom inn i Spennbetong-guppa.

I 1990 vart dei oppkjøpte av eit finsk selskap, og i 2005 av Consolis med hovudkontor i Brussel, og som har fabrikkar fleire stader rundt om i Europa. I dag har Spenncon fem fabrikkar rundt om i Noreg. Dei er lokaliserte i Bergen, Sandnes, Værdal, Hamar, Hønefoss i og Hjørungavåg. Den største er på Hønefoss, og den minste på Hamar, dei andre er ganske jamstore.

Produktområda til bedrifta har auka kraftig sidan starten og er i stadig utvikling. Her er ei oppstilling over ein del av det som blir produsert i dag og som blir delt inn i to segment:

#### **Bygg:**

- bustader
- kontor
- forretningsbygg
- industribygg
- skular
- institusjonar
- hotell
- kulturbygg

#### **Infrastruktur:**

- jernbanesviller
- sporvekslingsviller
- mofix
- kulvert
- bruer
- tunnelforingar
- vindmølletårn onshore
- vindmølletårn offshore

Akutelle prosjekt pr. mars 2011 er:

- Norsk Maritime Kompetansesenter i Ålesund
- Hatlane omsorgssenter i Ålesund
- Korsegata i Ålesund
- Hovden Næringscenter i Ørsta
- Valaker bakeri
- Lundemo skule og barnehage
- Teater og jazzhuset i Molde
- Vestlandske Auto i Ålesund

I 2008 vart det brukt 60000 tonn råvare i produksjonen som gav 60000 tonn ferdige produkt tilsvarande 125000 m<sup>2</sup>. Av dette var 43.000 tonn sand og singel transportert med båt frå Valldal, 10.000 tonn armering med båt direkte frå jernverk og 7000 tonn sement frå Spjelkavik transportert med tankbil. Nesten alle ferdigvarer blir transportert ut med bil, det meste innanfor Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Med 60000 tonn ferdigvare ut vert det 2200 trailerlass i året i tillegg til 7000 tonn sement inn som vert 250 trailerlass, totalt vert dette nesten 5000 passeringar av Hjørungavåg i året. Bedrifta har i dag i underkant av 100 tilsette, av dei er mange frå Baltikum. Blant avdelingane i Noreg er Spenncon i Hjørungavåg den beste både på effektivitet og på økonomisk resultat. Til slutt var det omvisning i produksjonslokala der vi fekk innføring i korleis produksjonen foregår.

### Møte 21.03.11.

Presidenten ønskte velkomen, og etter opningssongen presenterte ho den nye utvekslingsstudenten til Ulstein Rotaryklubb. Hareid Rotary Klubb skal etter planen avlaste dei. Jenta heiter Emily Gobbert og kjem frå Australia.

Dagens program var ego-foredrag ved Rakel Dyrhaug.

Ho vart fødd i februar 1973 på Leikong og vaks opp i lag med foreldre og seks sysken øvst i Leikongbakkane. Med ein far som var mykje vekk på sjøen vart ho tidleg van med å ta ansvar og hjelpe til heime, noko som ho har hatt stor nytte av seinare i livet. Ho var i oppveksten aktiv med på det som skjedde i bygda og var aktiv både innan fotball og korps, og seinare også innan friidrett i Hødd. Etter at ho var ferdig med grunnskulen, tok ho til på Ulstein vgs der ho valde språklinja, noko ho er glad for i dag.

Etter gymnasen reiste ho til Sveits for å lære meir fransk, og var au pair der i eit år. Etter det søkte ho og kom inn på lærarskule i Vol- da, men valde å reise tilbake til Sveits der ho tok til på hotellfagskule. Sveitsiske privatskular er strenge med klare retningslinjer på det meste. Dei budde på internat med strenge reglar og tøffe krav. På skulen var det eit internasjonalt miljø med elevar frå mange ulike land. Det meste av undervisninga gjekk føre seg på tysk. Ho hadde praksis i Lausanne og i Montreux, der fransk var hovud- språket som ho då fekk praktisere.

Etter fire år i Sveits tok ho eit år på Høgskulen på Lillehammer innanfor personalutvikling og leiing. Ho har seinare jobba innanfor reiseliv og på ulike hotell, og ho har også i ein periode jobba som reiselivssjef i Nordgudbrandsdal med dei utfordringane og muleg- heitene det gir med mange store arrangement som bl.a. Pillar Guri, Peer Gynt-stemme og Jørund gard.

Eit av dei mest spennande og spesielle prosjekta dei gjennomførte var "Eggande dagar mot påske" på Otta i 1999, der målet var å få opp folkeveksten i Sel kommune (1000 årsbarnet).

Det vart leigt rom på hotell i kommunen, der gifte eller sambuarar kunne få bu gratis. 20 par melde seg. Nokre trekte seg, så talet vart noko lavare. Resultatet i desember vart 18 nye innbyggjarar mot eit tidlegare snitt i desember på 14, så ei viss effekt hadde det nok. Prosjektet vakte stor nasjonal og internasjonal interesse, og ei rekkje fjernsynsteam frå fleire land kom på besøk.

Rakel liker å reise, helst uorganisert og på impuls, og ho har bl.a. vore i Afrika og på Kilimanjaro. No reiser ho for det meste til Spa- nia der foreldra har hus.

Ho har sambuar og to born, bur på Bigset der dei har eit svært triveleg og godt bumiljø.

No arbeider ho på Rådhuset som dagleg leiar i Hareid Næringsforum, og det har ho vore sidan nov. 2008. Ho trivst godt med mange store utfordringar der samarbeid er eit nøkkelord, og ho ser mange moglegheiter for Hareid framover.

Det er alltid interessant med ego-foredrag, slik også denne gongen, der vi fekk blir betre kjent med Rakel.

President Vigdis avslutta så møtet med eit dikt av P.O. Kaldestad.

*"Om lyset ditt kveikjer eit anna lys  
står flammen din like heil.  
Og om du kveikjer endå eitt-  
er han like lystig og steil.*

*Og om du kveikjer eit tredje lys,  
så viser det ikkje på logen  
at du har overført varmen din  
han blafrar i same logen.*

*Det fjerde lyset du kveikjer,  
gjer ikkje den minste skade,  
og heller ikkje det femte –  
om du deler ditt lys får du  
likevel ha det."*

### Møte 28.03.11.

Programmfritt.